

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-L81	14/1196

Saknr	Utval	Type	Dato
086/2020	Kommunestyret	PS	30.11.2020

Utbyggingsavtale Liarinden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Utbyggingsavtale bygger på prinsippet om anleggsbidragsmodellen**
2. **Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre (i sakstilfanget til sak 53/2017), datert 6.9.2017 – men med opning for justering av teksten slik at alle punkt samsvarer med anleggsbidragsmodellen, mindre endringa delegert til rådmann, og ein viktig føresetnad er at pkt. 2.2. vert følgt opp «utbyggjar forpliktar seg til å planleggje og ferdigstillast området for bustadbygging klar for sal av bustadtomtar». Større endringa i utbyggingsavtalen krev ny politisk handsaming.**
3. **Kommunal økonomisk medfinansiering vert sett til inntil kr. 6 mill, og midlane vert delvis overført fortløpande jf. faktura og prinsippet om anleggbidragsmetoden, medan hovud/resttilskot ved overtaking av anlegg (etter nærare avtale). Finansiering gjennom momskompensasjon, etablerertilskot gjennom kraftfondet og låneopptak**
4. **Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 30.11.2021**

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka vart drøfta i formannskapet 17.11.20, med bakgrunn i dialog med utbyggjar sommaren/hausten 2020 for realisering av utbyggingsprosjektet. Formannskapet ba om sak til kommunestyret 30.11.20

Fakta

Dette er 4.gongs handsaming av utbyggingsavtale Liarinden, sidan oppstart hausten 2014, som m.a. har munna ut i flg. vedtak;

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2018	Kommunestyret	PS	20.09.2018

KS vedtak

1. Utbyggingsavtalen vert endra til prinsippet om justeringsrett mva, og utbyggjar står for utbygginga
2. Kommunal økonomisk medfinansiering vert sett til inntil kr. 6 mill , og midlane vert overført ved overtaking av anlegg. Finansiering gjennom momskompensasjon, etablerertilskot gjennom kraftfondet og låneopptak
3. Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 21.09.2019

Saknr	Utval	Type	Dato
082/2017	Formannskapet	PS	21.09.2017
053/2017	Kommunestyret	PS	21.09.2017

KS - vedtak:

1. Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre i sakstilfanget, datert 6.9.2017 – men med justering slik at teksten samsvarer med anleggsbidragsmodellen
2. Utbyggingsavtalen bygger på prinsippet om anleggsbidragsmodellen
3. Kommunal økonomisk medverknad utover pkt. 2 er knytt til ordninga med etableringstilskot, kor tal reelle bustadtomtar og sum etableringstilskot jf ordninga for etableringstilskot dannar grunnlag for tilskot og kommunal økonomisk medverknad
4. Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 2 år frå vedtaksdato.

Saknr	Utval	Type	Dato
090/2016	Formannskapet	PS	19.09.2016
067/2016	Kommunestyret	PS	28.09.2016

Vurdering

Fristen for realisering av prosjektet som kommunen sette i sak 52/18 var 21.9.2019, og såleis ute. Saka vert fremja på nytt for å gje utbyggjar moglegheit til å realisere prosjektet med kommunal medfinansiering, og tilrår at fristen vert sett til 30.11.2021. Utbyggjar legg til grunn at utbygginga vil ta 9 månader.

Innstilling vil vere basert på tidlegare vedtak, som inneber pkt. 1 & 2 av kommunestyresak 53/2017 som føreset anleggsbidragsmetoden og gjeldande utbyggingsavtale (6.9.2017) med evt. oppdateringa og tilpassinga, men ein viktig føresetnad i pkt. 2.2. «utbyggjar forpliktar seg til å planleggje og ferdigstilla området for bustadbygging klar for sal av tomtar», samt pkt. 2 & 3 frå kommunestyre sak 52/2018 kring kommunal medfinansiering og frist for gjennomføring med oppstart seinast innan 30.11.2021

Konklusjon

Oppdatert utbyggingsavtale bygger på prinsippet om anleggsbidragsmodellen
 Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre (i sakstilfanget til sak 53/2017), datert 6.9.2017 – men med opning for justering av teksten slik at alle punkt samsvarer med anleggsbidragsmodellen, mindre endringa delegert til rådmann, og ein viktig føresetnad er at pkt. 2.2. vert følgd opp «utbyggjar

forpliktar seg til å planleggje og ferdigstill området for bustadbygging klar for sal av bustadtomtar». Større endringa i utbyggingsavtalen krev ny politisk handsaming. Kommunal økonomisk medfinansiering vert sett til inntil kr. 6 mill, og midlane vert delvis overført fortløpande jf. faktura og prinsippet om anleggbidragsmetoden, medan hovud/resttilskot ved overtaking av anlegg (etter nærare avtale). Finansiering gjennom momskompensasjon, etablerertilskot gjennom kraftfondet og låneopptak
Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 30.11.2021

Kommunestyret - 086/2020

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. **Utbyggingsavtale bygger på prinsippet om anleggsbidragsmodellen**
2. **Utbyggingsavtalen vert godkjent slik den ligg føre (i sakstilfanget til sak 53/2017), datert 6.9.2017 – men med opning for justering av teksten slik at alle punkt samsvarer med anleggsbidragsmodellen, mindre endringa delegert til rådmann, og ein viktig føresetnad er at pkt. 2.2. vert følgt opp «utbygger forpliktar seg til å planleggje og ferdigstill området for bustadbygging klar for sal av bustadtomtar». Større endringa i utbyggingsavtalen krev ny politisk handsaming.**
3. **Kommunal økonomisk medfinansiering vert sett til inntil kr. 6 mill, og midlane vert delvis overført fortløpande jf. faktura og prinsippet om anleggbidragsmetoden, medan hovud/resttilskot ved overtaking av anlegg (etter nærare avtale). Finansiering gjennom momskompensasjon, etablerertilskot gjennom kraftfondet og låneopptak**
4. **Utbyggingsavtalen og kommunal økonomisk medverknad er tidsavgrensa til oppstart seinast innan 30.11.2021**